



Møtebok
Fjordvegen Rute 13
Styremøte 05.01.2018
Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Klokka 11:00 – 15:00

Møtte: Gerd Helen Bø, Morten Midlang, Irene Heng Lauvsnes, Arnstein Menes, Marthe Hammer, Sigbjørn Hauge, Edmund H Utne, Solfrid Borge (kl 1200-1300)

Gjester :

- **Statens vegvesen** v/ Grethe Vikane
- **Jondalstunnelen AS** v/ Toralv Mikkelsen
- **Arbeidsgruppe for samferdsel i «nye» Ullensvang kommune**
v/ Erlend Nevdal Bolstad, Olav Magnus Hammer og Hildegunn Espe

Forfall: Arne Bergsvåg, Roald Aga Haug

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø og Trude Rinaldo frå Hardangerrådet iks.

Agenda

05.01.18.:	Kl. 11.00 – 12.00	Styremøte
	Kl. 12.00 – 13.00	Orientering/dialog: Statens vegvesen v/ Grethe Vikane
	Kl. 13.15 – 14.00	Lunsj
	Kl. 14.00 – 15.00	Styremøte held fram

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 33/17 Meldingar

Lagt fram i møtet

1. Høyringsuttale til SVV (i samråd med Hjelmeland kommune). Rv 13 oppstart regulering ferjeleie Sande/Hjelmeland og Nesvik, Hjelmeland kommune.
2. Uttale frå Ryfylke iks til Handlingsprogram 2018-2023 NTP/2018-2029
3. Uttale frå Fjordvegen til Handlingsplan 2018-2023 NTP 2018-2029

Sak 34/17 Årskonferansen 2018 Status

Gjennomgang av program og organisering v/ Hanne Sundbø

Styret må bruka heile sitt kontaktnett for å få Stortingspolitikarane o. a til å stilla på Års-konferansen og meina noko.

Bredden politisk må vera der og me forventar at dei ser inn i framtida til Rv 13.

Kva med regjeringa? Me ønskjer at ministeren kjem.

Husk at alle må invitera inn deltakarar til Årskonferansen 2018

Sak 35/17 Påverknadsarbeid mot neste revisjon av NTP

Utsett til neste møte:

- Drøfting av konkrete tiltak
- Uttale til handlingsprogram
- Konkrete tiltak/uttaler etter rashendingar ved Lausasteintunnelen/Byrkjanes 23.11.2017

Sak 36/17 Kollektivprosjektet «Travel like the locals».

- Workshop for «Travel like the locals» med NCE Tourism onsdag 10.01.2018 i Bergen.

- Dagleg leiar kjem med fylldig tilbakemelding frå workshop på neste styremøte.
- Alle vert oppfordra til å gå inn på nettstaden.

Sak 37/17 Fast post: Gjennomgang av status for Rv 13

Utsett til neste møte

Sak 38/17 Ymse

Utsett til neste møte.

Orienteringar / dialog:

1. Statens vegvesen v/ Vegdirektør Grethe Vikane

Presentasjon ligg ved.

Fakta om RV13: Ulukker, Skred, Rassikring

Rv 13 har svært mange avvik i standard, dvs standardbrot i høve H2-malen for tilsvarende riksvegar (vegbreidde)

NVDB = Nasjonal vegdatabank som inneheld utruleg mykje informasjon

NTP

Handlingsprogrammet 2018-2029 har fokus på byområder

SVV har berre fullmakt til å planlegga prosjekt som ligg inne som prioritert eller med omtale i NTP.

Viktige satsingsområder er utbetring av ferjekaiar, opprusting av tunnellar, tilrettelegga for meir forsterka midtoppmerking og få ned talet på møteulykker og betra sideterreng for mindre skade ved utforkøyring

Korleis koma i posisjon?

For å påverka vedteken NTP: kun via statsbudsjettet moglegheita er der .

Spørsmål: Når byrjar arbeidet med neste NTP ? Og kva tid skal dei fyrste innspela koma inn?

Svar: Det NO dette arbeidet må byrja, og det er dei åra som kjem no ein kan arbeida for å påverka 2.periode av denne NTP'en.

Sekretariatet sender strekningsanalysen for Brattlandsdalen til Vegdirektøren Grethe Vikane, saman med innsendte spørsmål frå styret.

2. Innlegg frå Jondalstunnelen AS om Fv 107 Nordrepollen og Austrepollen v/ Toralv Mikkelsen, styreleiar

Presentasjon ligg ved. Initiativ for å bygga ein ny tunnelle mellom dei to store tunellane.

Rapport laga av Norconsult om alternativ for denne tunnelen.

3. Arbeidsgruppe for samferdsel i «nye» Ullensvang kommune

Dei ser på internsambanda i den nye kommunen. Tek regjering på alvor, og forventar at interne vegar vert oppgradert, det gjeld RV 13, Fv 55 og Fv 107.

Denne gruppa ønskjer kunnskap om arbeid og prioriteringar Fjordvegen Rute 13 gjer.

Arbeidsgruppa ber om tilbakemelding og svarar gjerne på spørsmål.

Felles uttale til NPT 2018-2029 vert sendt arbeidsgruppa og lagt ved møteboka.

Referent Trude L. Rinaldo